

# Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2019

## Til Varhaug med merkelapp

Side 2-4

## Trivsel i sentrum

Side 14

## Lensmannsløa ungdomsklubb

Side 24-25

## Ærast den ...

Side 24

## 4H i Leksaren

Side 28-29

## Snublestein

Side 37



17. mai





# Til Varhaug med merkelapp

Heinz-Dieter Festerling var eitt av dei fleire tusen berlinbarna som fekk frisk luft og næringsrik mat i Norge i tiåra etter krigen. To opphald på til saman tolv veker på Varhaug sist på 1950-talet gav Heinz vener for livet.

Av: Sjur Håland



Margit Auestad med Heinz på fanget. Årstalet er 1957 eller 1958. Ho sytte for at Heinz fekk i seg næringsrik jærkost. Egg, mjølk og skjeva. Fotografiet tilhører Kjellaug Varhaug.

Han snakkar tilnærma perfekt jærsk med ein solid dose tysk aksent. Høyrer ein godt etter, kan ein registrera at Heinz lærte jærsk for drygt 60 år sidan. Han seier til dømes ikkje «melk», men «mjelk». Barn lærer fort. Og dei kan gløyma. Då han kom heim til mor i Berlin etter det første opphaldet på Varhaug, hadde han gløymt sitt eige morsmål.

– Etter seks veker på Varhaug var det einaste tyske ordet eg kunne «mama», fortel han.



Heinz t.v og Kristian var jamgamle, og fann tonen med ein gong. Her leikar dei på stovegolvet. Kristian døydde i 1992. Fotografiet tilhører Kjellaug Varhaug.

## Koloniage

Heinz-Dieter Festerling er fødd sør for Berlin, i Am Mellensee i Aust-Tyskland i 1951. I 1956 flytte familien, mor, far, Heinz og søstera, Ursula, til bydelen Baumschulenweg i Aust-Berlin. Her budde dei saman med besteforeldra, som hadde ein koloniage, noko som hadde stor verdi i naudåra etter krigen.

Berlin var på dette tidspunktet delt i to soner. Delinga var ein konsekvens av den allierte sigeren over Nazi-Tyskland i mai 1945. Aust- Berlin høyrde til kommuniststaten DDR, medan Vest-Berlin høyrde til Vest-Tyskland (BRD) og låg som ei vestleg øy omgitt av det lukka DDR. Skilnaden mellom aust og vest auka. Mange frå Aust-Berlin nytta høvet til å koma seg over grensestasjonane, som vidgjetne Checkpoint Charlie, før byen vart fysisk delt av den hata Berlinmuren, som dei austtyske styresmaktene bygde i 1961.

## Til Vest-Berlin

Det var denne fluktmoglegheita mor til Heinz nytta då ho tok dei to barna med seg over til eit husvære i Vest-Berlin våren 1956. Faren valde å bli att som lærar i aust. Mora, av tysk ætt frå Warszawa, måtte greia seg på eiga hand. Blant anna sydde ho for ein klededesignar i Berlin.

– Her hadde me eitt stort rom med ein omn i eine hjørna. Me hadde eit kjøkken og eit toalett. Ikkje meir, seier Heinz.

Ingen tysk familie var urørte etter andre verdskrigen. Morbroren til Heinz, Eugen Baumgart, var soldat i Norge. Etter kapitulasjonen vart han krigsfange og vart sett til å fjerne miner. Han omkom då ei av minene eksploderte, og kom aldri heim att til Tyskland.

Berlin var utover 1950-åra sterkt prega av den allierte bombinga. Heinz hugsar godt at han leika i dei enorme murstein- og betonghaugane ute i gatene.

Storbyen var skitten og støvete. I butikkane var det lite å få fatt i. Moglegheitene for rekreasjon og frisk luft for menneske med avgrensa ressursar var minimale. Då mora fekk høyra om moglegheitene for at barn frå Berlin kunne reisa til Norge på ferie gjennom Norges Røde Kors, Redd Barna eller Ungdomsaksjonen (KFUM/KFUK), slo ho til.

## Første flyreisa

Ursula og Heinz hadde status som flyktningar frå aust, og kunne ikkje reisa med tog eller buss gjennom Aust-Tyskland for å koma til Vest-Tyskland og vidare til Norge. Dermed fekk dei to småsøskena sin første flytur.

– Me flaug frå flyplassen Tempelhof i Vest-Berlin til Hannover, og reiste vidare nordover med tog til Norge, hugsar han.

Alt var organisert. Men han minnes ikkje noko om korleis, eller kven som stod bak den eksklusive feriereisa. I Hannover vart barna utstyrte med kvite lappar i snor rundt halsen, som viste kva dei heitte, kor dei kom frå og kor dei skulle opphalda seg dei neste seks vekene. Han hugsar togreisa med spesialtoget, fullt av barn frå Berlin, langs Sørlandskysten.

– Toget stoppa ofte på småplassar. Eg og syster mi sat med andletet klistra mot vindaugsruta og kikka ut.

I artikkelen skriv me om Anna Margrete og Olaf Aanestad og Margit og Anton Auestad. Det var fleire på Varhaug som opna heimane sine for barn frå Berlin sist på 1950-talet. Her er namna på nokre av dei:

Inga og Enok Varhaug (i denne heimen hadde dei også eit tysk barn etter første verdskrigen), Sina Hobberstad, Grete og Erik Hobberstad, Astrid og Kristian Skrettingland, Rasmus J. Varhaug, Ingrid og Tonning Hansen.

## Til Margit og Anton

Då toget endeleg stoppa på Varhaug stasjon, fekk dei beskjed om å stiga av. Dei to småsøskena skulle vidare til kvar sin heim. Heinz vart møtt av Margit og Anton Auestad (dei dreiv butikk på Varhaug – «Auesten» var forgjengaren til SPAR), medan Ursula fekk følgja Anna Margrete og Olaf Aanestad heim (garden der Ove Aanestad bur i dag).

– Å skiljast frå Ursula var vondt med det same. Eg hadde jo lovt mor å passa på syster mi. Men Margit forstod kva situasjon eg var komen i, og organiserte det slik at eg fekk snakka med søster mi på telefon. Då eg forstod at også ho hadde det godt, kunne eg slappa heilt av.

Hjå Anna Margreta og Olaf hadde dei buhunden Pixi og ein stor svart hest som imponerte Heinz langt meir enn Opel Blitz-lastebilen som stod i tunet. Den første gongen Heinz kom til Norge var det vinter. Året etter, då dei kom på sitt andre besøk, var det vår og sommar.

– Første gongen var ikkje så lenge før jul. Eg gløymmer aldri då eg såg juletre pynta med norske flag. Me pynta ikkje treet med flag heime i Tyskland.

## Lærte å eta

Hjå Margit og Anton var ein skreddar innom før jul. Dette var truleg Elfrida Auestad (Elfrida i Auestengjå). Borna skulle få nye klede. Elfrida tok også mål av Heinz.



Heinz-Dieter Festerling fotografert på Varhaug i fjor sommar. Berlinbuaren har eit stort nettverk i bygda, og legg helst inn besøk kvart andre år. Foto: Sjur Håland.





Familien Auestad. Frå venstre: Margit med Kristian på fanget, , Rolf, Kjellaug, Anton med Heinz på fanget og Asta. Fotografiet tilhører Kjellaug Varhaug.

– Tenk, eg fekk nye klede. Det var heilt fantastisk. Margit og Anton gjorde ikkje skil på meg og deira egne barn. Kristian og eg, som var jamgamle, fekk også dei same lekene til jul.

Tilgang på næringsrik kost har nok vore blant argumenta for å senda barn frå Berlin til Norge. Heinz var småspist og alt anna enn glupsk ved kjøkkenbordet hjå familien Auestad. Margit tok han med til legen, som føreskreiv medisin. Snart fekk han sans for den gode maten.

– Kvar morgon tok Margit meg på fanget. Eg måtte eta ei brødskive, eit egg og drikkja eit glas med mjelk. Eg lærte å eta.

Heinz vart ein del av familien. Rampestrekar lærte han også.

– Eg og Kristian laga feller. Me fekk lever til åte hjå slaktar Skretting og fanga mink. Me fanga også fuglar og la dei i ein kartong under senga til Margit og Anton. Då vart det spetakkel, ler han.

### Alle var gilde

– Korleis var det å vera tysk og koma til Norge så få år etter krigen?

– Det var aldri eit tema. Eg høyrde aldri eit negativt ord. Alle var gilde. Eg lengta aldri heim.

Kontakten med Varhaug og alle venene her låg nede ei tid, men då han var 17 år, i 1968, tok han med seg mora til Norge. Då hadde han gløymt kor på Varhaug familiane Auestad og Aanestad budde. Han fekk spurt seg fram til Rolf Auestad. Ein av gutane til Rolf opna døra. Heinz fekk stotra fram ærendet sitt, og guten ropte inn:

– Far, det er ein tyskar her!

Mora reiste etter kvart tilbake til Berlin, medan Heinz budde på Varhaug ei tid, hjå Kristian Auestad. Her fekk han også kontakt med nettverket til Kristian, som han har god kontakt med den dag i dag.

– Du, så gildt me hadde det. Kristian hadde ein Tempo Sprint motorsykkkel som me reiste rundt på Jæren med.

### Jamleg på Varhaug

Han har vore jamleg på besøk på Varhaug. Helst annan kvart år.

– For meg er dette som eit anna univers enn i storbyen Berlin. Me er ein liten familie. Men her!

Han tar ein liten pause før han held fram.

– Anne Margrete og Olaf har mange etterkomarar.

Kjellaug (dotter til Margit og Anton) og Edgar Varhaug har for eksempel åtte barn. I dag har eg vore i bursdagsselskap hjå eit av barna til Trygve Auestad, sonen til Kristian. Eg kjenner så mange her.



## «Kor æ sentrum i Varhaug?»

I sist nummer av Varhaugbuen skrev me både om planane for sentrum og om dei få butikkane som er igjen. Og akkurat då eg skulle til med dette nummeret kom eg på Sjur sitt innlegg om «Ghost Street» i 2010. Og den største grunnen til det var nok at eg høyrde om ei eventuell nyetablering med butikk på Statoil tomte. Det er ganske lenge sidan Varhaugbuen fekk eit hint om å skriva noko om den tomte, men då trudde eg det dreidde seg om bygging av ei bustadblokk. Når eg nå høyre snakk om ein ny matbutikk der, vert eg leitt lei meg. Eg tykkjer butikkane må vera der sentrum er, og i Ghost Street er det plass til mykje både i Sentrumsgården og Stuelandbygget om det skulle koma noko nytt. Me har to gode matbutikkar, Spar og Extra, og dei må me som bygda folk støtta opp om. Sentrum er i mitt hovud «Stasjonsgadå mi» som Dag Madland syng om. Og når det nå vert arbeidt med ein plan for å få eit meir triveleg sentrum, så får ein ikkje det til utan at det er butikkar og.

Liv



## FRÅ REDAKSJONEN

### Så har det igjen kome mørke skyer over bygda vår.

Eg tenker her på rettssaka som er i gang. Kvifor kunne ikkje ei slik sak vore lukka? Må det vera nødvendig med TV og aviser som fortel og skriv detaljert om det som skjedde i fjor sommar. Har ikkje dei stakkars familiane hatt det vondt nok. Det er klart at den skuldige må få sin dom, men me som ikkje har noko med det kunne vorte sparde for koss og kva som hende denne sommarnatta.

Eg måtte finna fram bladet frå i fjor, der me skreiv om «Alt godt Varhaug - alt godt: Så går dagane, og me er alle tilbake i kvardagen. Då er det viktig å huska på noko. Det var ikkje berre denne dagen me skulle slå ring rundt Varhaug, og sei **Alt godt Varhaug, alt godt**»







## Bygdekvinnelaget

Sommaren er like om hjørnet - og aktiviteten i bygdekvinnelaget roer seg--- det er frokosten på Varhaugmarken som står for tur. Den årlige dagsturen som er 6. juni er avslutningen før sommaren. Dett e år går turen til Tungenes Fyr for omvisning, så innom minnesmerket etter Alexander ulykka i Kvernevik før turen går til Hotell Hummaren. Her venter goe mat og litt underholdning - vidare ser vi an før turen heim.

**Torsdag 29. august** er det basar, då kjem Ellen Luster Årslund og fortell om innsamlinga til Ukraina og vi overleverer vårt strikkeprosjekt--- verte spennande å sjå kor mange sokkar, vottet, huer og skjerf vi kan overlevere. Strikketuren til Kristiansand som var **25. april**, vert det nok produsert ein del av dei 40 damene som reiste---strikkpinnane klirret flittig på både bort- og heim turen. Det var ein fin og kjekk dag og vergudane var med oss.

Basaren er ein viktig inntektskilde for laget - den gjer at vi kan bidra til forskjellige formål i bygda.

Er det nokon som treng bidrag til forskjellige formål, send ein søknad til styret i Bygdekvinnelaget- så vurderer vi.

Klokkarhagen har fått vimpel, så har vi ansvar for eit blomsterbed i hagen der. I kafeen på Idrettshuset passer vi på at det alltid er blomar på bordene - dette som takk for godt samarbeid.

Etter møte ilag med Hagelaget i april fekk vi eit overskot på kr. 5.600, og dette gav vi til Klokkarhagen

Det blei kjøpt hammock til å ha i hagen for dette - veldig kjekt å kunne bidra.

Ellers så har RBK eit prosjekt; Bygdekvinner deler matglede, dette har vi tenkt å være med på.

Kurs i lefsebaking og flatbrød, blir **tirsdag 22. oktober** og **tirsdag 29. oktober**. Er det ynskje om f.eks. sylting av bær, rødbeter, gresskar eller anna- så meld ifrå, vi prøver å ordne det og. Du treng ikkje være medlem i bygdekvinnelaget - vi er til for alle i bygda - alle velkomne. Påmelding til Oddbjørg Skrettingland, telf. 991 04 254.

Vil så ynskja alle ein fin sommar uansett ver og vind .

*Oddbjørg Skrettingland*



Bak f.v.: Ingvild Topdal Sæland, Karine Berge, Aud Elise Gudmestad, Kristin Søyland.

Framme f.v.: Helle Skretting og Live Skretting.

## Sonemøte for sone 2 i Rogaland

**Torsdag 28. mars var 115 bygdekvinner samla til sonemøte i Varhaug Idrettshus.**

Det var representanter frå Orre, Bore, Klepp, Time, Nærbø og Varhaug. Varhaug Bygdekvinne lag var vertskap og leier i laget, Oddbjørg Skrettingland leia møte. Sjur Håland hadde kåseri der han starta med korleis det var når Varhaug Bondekvinne lag blei starta og kva dei var opptekne av på den tida. Gjennom skjemt og alvor leia han oss gjennom samfunnsutviklinga. Sjølv om mykje har endra seg, så er det mykje som er likt i dag, mellom anna verdien av dugnad, å ta vare på mattradisjonar og den sosiale møteplassen bygdekvinne laget er ibygda.

Astrid Lund Folkvord frå Rogaland bygdekvinne lag orienterte om prosjektet «Bygdekvinner deler matglede» eit prosjekt som skal gå over 2 år. Jofrid Mosland og Lars Ole Bergene underheldt med flott sang og musikk, «Agnes og dei» deltok med fengande trekkspelmusikk til allsangen. «Bygdakåna» kom og , ho hadde for seg datatrøbbel.

Som seg hør og bør når bygdakvinner er samla, var det god mat, suppe og brød, så kaffi og mange flotte kaker. Det var heller ingen ting til å utsetja på drøset.

Kvelden blei avslutta med utlodning og mange fine gevinster. Overskotet etter arrangementet denne kvelden gjekk til NBK sitt prosjekt i Guatemala. Takk til Varhaug Idrettslag som stilte hus gratis, kåseri og musikk, «bygdakåna» og Aud Elise Gudmestad som kokte suppa og 5 flotte jenter frå 4H som stod for serveringa og oppvask, alt gratis ---dermed har vi overført kr. 25.892,- til prosjektet - **vi i sone 2 er stolte!**



*Lars Ole og Jofrid.*





# Torvald Tu

Torsdag 21.3 mars hadde Kultur i Løa eit arrangement som dei kalla, Torvald Tu – mannen og litteraturen. Der var ca 45 tilhøyrarar som fekk ein kveld med lått og kunnskap om forfattaren.

Kjell Olav Stangeland formidla på ein fengande måte om livet og forfatterskaper til Torvald Tu, og det må vita, det var Tu uten h. Han var så irritert på at dei skreiv etternavnet hans feil, at han skreiv eit innlegg til Aftenbladet om dette og brukte bare ord utan H. Han hadde eit produktivt forfatterskap, i alt skreiv han 55 bøker. Men, han måtte tåla ein del kritikk for mange meinte han brukte for liten tida på bøkene sine. Han skreiv også dikt, eventyr med moral og mange teaterstykker. Desse har blitt spelt av mange amatørteatergrupper kring i Norge, men og stykker som har blitt satt opp på Det norske Teater.

Torvald Tu fekk og ros frå kjende forfattarar som t.d Johan Falkberget. Han har blitt samanlikna med Alf Prøysen for begge hadde folkeleg humor som varemerke.

Sjølvs om han budde både i Lier og Skien, så var hovedmotiva frå Jæren. Han henta mange av skikkelsane sine frå Klepp og Time. Det var det slett ikkje alle som likte, nokre følte seg rett og slett uthengt.

Torvald Tu fekk bygd seg hus på Myrbakken i Klepp. Der budde han saman med komponisten Trygve Stangeland. Han blei 61 år gamal.

Fleire av dikta til Torvald Tu har blitt tonesett, mellom anna av Torstein Obrestad. "Månssølv og tonegull" er ei av dei.

Kjell Olav las fleire av stubbane hans, både den kjende "Kyssety" og mindre kjende tekstar.



## Go´ dag Varhaugbua

### Varhaug Bondelag vil ønska alle ein god sommer

Etter 2 dårlege år med mye regn eller lite regn håper vi på eit normalår noko som ser spøke ut, mens sjøgarane kvesser knivane til slått, må fleire av garane oppforbi toglinja så for 2 gong pga dårleg overvintring av graset, og i neste omgang stankelbeinlarver som spiser røtene til det nysådde graset.

Bondelaget i Rogaland har i vår utarbeida ein verdiskapningsrapport som viser at Hå kommune har den største verdiskapninga frå landbruket i heile Rogaland og at landruket er den største sysselsetteren utanom kommunen sjølve. Dette skal vi som bønder vera stolte av.

Så vil me minna alle bønder om å ta det roleg i slått, vi har ingen å mista. Tenk **HMS** (skulle bare), er veldig lett å tenke når timane er mange å søvnen er mangelvare.

I desse dager har Norges bondelag og staten forhandla fram ein ny Jordbruksavtale som legger vekt på små og mellomstore bruk. Pelsdyrnæringa har hatt ein veldig tøff vår, landbruksministeren har lagt frem eit forslag til kompensasjon for nerlegging av næringa som er **SKAMMELIG**.

Med dette forslaget rissikerer vi å miste fleire småbernsfamilier i kommunen som går personleg konkurs og må flytte fra gård og grund. Slik beandling av folk er **SKAMMELIG** særlig med tanke på at landbruksministeren er frå **KRF**.

Så frå Varhaug Bondelag til alle matprodusentar og Varhaugbuar **GOD SOMMER**.



### Tid for forandring

Hei folkens, nå går det mot slutten av tida mi på Iden. Det er allerede nærare 5 år sidan eg fekk spørsmål om å koma til samtale med Mona. Eg hugsar at eg flirte av tanken på meg på eit idrettslag, sidan eg er bortimot allergisk mot ballidrettar og sånt, men etter ein halvtimes drøs var eg klar til å bruka dagane mine i lag med Mona. Då Jan Christian overtok den stolen brukte me litt tid på å finna utav ting, men det samarbeidet har utvikla seg til å fungera særdeles bra. Me utfyller kvarandre slik at begge får gjera det me kan og liker best.

I løpet av desse åra har me gjort store endringar i den administrative drifta. Eg har bakgrunn frå IT-bransjen og har hatt nytte av erfaringar derifrå. Me har mellom anna:

- Fått full kontroll på medlemsregisteret og kontingenter
- Innført webbasert økonomisystem og fakturaflyt
- Forbetra økonomioppfølginga mot gruppene
- Innført egne lagringsområder i skyen for gruppene, slik at nye styrer kan bygga vidare på det andre har gjort tidlegare
- Utvikla dugnadssystemet DugnadProff
- Utvikla kalenderfunksjonen på heimesida med oversikt over alle aktivitetane på anlegget og sjølvbetjening for bestilling av lokale
- Utarbeida økonomihåndbok med fullmaktsmatrise
- Utarbeida økonomiplan som viser langsiktige investeringar og tilskot
- Fått full kontroll på politiattester og taushetserklæringar

Hovedstyra og særleg Morten har støtta godt opp om denne utviklinga, og nå har me effektive rutinar på det meste. Sjølv har eg lyst på nye utfordringar, og det var med skrekkblanda fryd eg sa opp utan å ha ny jobb klar. Eg veit ikkje om neste jobb blir innan kunst, kultur, litteratur, administrasjon eller økonomi, men eg satsar på at det dukkar opp noko kjekt. Eg blir på Iden i alle fall over sommaren, og eg ser fram til overlappingsperiode med kven det nå blir som overtek her. Spannande!

Helsing frå Eva Hegre







# Laaaaaangsjakk

## Hå skulesjakk

Skulesjakken har no vore på Ogn skule, i eit klasserom ved hovudinngangen.

Vi speler på torsdagar frå kl 1730 til ca 1845. Og eg tar gjerne med nokre i bilen når eg køyrer sørover til Ogn om torsdagane.

13. juni er siste gong før sommaren. Og til hausten legger me samlingane til Bø skule på Nærbø, frå 12. September. Fortsatt på torsdagar, kl 1730-1845. Då vert det sommarferie fram til midt i september.

Håmeisterskapet vart halde 9. mars på Varhaug misjonshus. Det var også lagt opp til årsmøte, og på årsmøtet vart det vedteke at Stein Aarsland går inn i styret medan Solfrid Kydland har gått ut. Og me vedtok at Hå skulesjakk skulle ha ei underavdeling på Jærtun.

## Resultat frå Håmeisterskapet 2019:

Håmeister var Oskar Feed Jakobsen. Han vant for tredje gong som elev ved Tryggheim ungdomsskule, og vandrepokalen for beste klasse vert dermed ståande på Tryggheim ungdomsskule og me må skaffe ny til neste år. Denne pokalen var sponsa av Jæren sparebank. Nr 2 i «eliteklassen» vart broren, Arvid Feed Jakobsen foran Sven Tobias Ueland. Alle desse tre er medlemmar i Jæren sjakkklubb på Bryne.

I nybegynnarklassen vart Vandrepokalen vunne av Jonas Espedal Boge på Bø skule, foran Oleiv Reiersen Varhaug og Jakob Vorhaug. Det var 12 nybegynnare og 6 i «eliteklassen» Eit par bilete frå Håmeisterskapet er lgt inn i bladet.

Klubben sendte søknad til Lyse Spirer om støtte, og vår søknad vart innvilga med kr 3000 blant 56 som fekk støtte. Dette vil bli nytta til brett, brikker og klokke som kan komme underavdelinga på Jærtun til gode.

No er det snart klart for Norway Chess i Stavanger. 3.-15. juni er Magnus Carlsen og de andre av verdens 10 beste spillere i gang med sin dyst. Og fredag 14. og lørdag 15. arrangerer Norway Chess sammen med Time kommune en skoleturnering med 3-mannslag fra barneskuler og ungdomsskuler.

For info og påmelding kan du sjå på <http://norwaychess.no/skoleturnering-2019/>

Om det som skjer i sjakk, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, gruppe «Hå skulesjakk».

## Sjakk for vaksne

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200. Klubben hadde ein langsjakktturnering nokre onsdagar frå januar til mars. Langsjakk har 90minutt på eit parti pluss 30 sekund per trekk. I beste klasse med rating over 1400 deltok 8 spelarar. Stein Åge Sivertsen vann foran Stig Gyland (frå Sandnes sk) og Roar Sola. I klassen med rating under 1400 var det 16 deltakarar og Elias Vigrestad Kristiansen vann foran Sigurd Åset (Stavanger SK) og Arvid Feed Jakobsen.

Klubben arrangerte NorwayChess skoleturnering i fjor i juni. Og klubben vil stå for same turneringa 14-15. juni i år. Det er Norway Chess i samarbeid med Time kommune som står for arrangement der ein innbyr skular over heile landet til å delta. Ein vil få til rimeleg overnatting på hotell på Bryne. Det vert ei turnering med tre spelarar på kvart lag, helst frå same skule. Og det vert to klassar, barneskulelag og ungdomsskulelag. Verdas beste sjakkspelarar med Magnus Carlsen i spissen kjem og helser på deltakarane og skriv autografar.

For heile våren vert turneringane (unntatt langsjakken) lagt saman og ein Jærmeister vert kåra. Alle som deltek får poeng som teller i sammendraget, ikkje berre vinnarane. Premieutdeling vert siste gong før sommaren, 19. juni. Dersom du speler sjakk eller har lyst til å prøve, så kom til Bryne på onsdag kveld.

Klubben har egen internettside: <https://www.jarensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

*Med sjakk-helsing frå Per-Arvid*

# Nytt frå Misjonshuset

## No ser det omsider ut til at vinteren sluttar av etter litt tilbakefall etter påske.

17.mai fest er rett om hjørnet. Og etter det kjem Varhaugmarken der folk frå misjonshuset er med. 20. juni nyttar 10-klassane Misjonshuset til avslutningstfest.

Og utanom «vi over 60» er det formiddags-møter og Awana og SUNDAG som foregår mest heile året. Pluss ungdomslaget sin aktivitet fredager og lørdager.

Juli er månaden med minst aktivitet på misjonshuset.

Tradisjonelt er det to hagestevner, Normisjon har sitt på Nord-Varhaug i begynnelsen av juni, og NMS har sitt på Varhaug 25. august.

Det vert no starta menighet på misjonshuset, og då dette vert skrive hadde eg ikkje fått vite kva namn den skulle ha. Stifting vart gjort på årsmøte 23. april

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, [www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no), der ein kan finne program og planlagde ting framover.



Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til [post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no)

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

## Velkomen til Misjonshuset.

*Med helsing, Per-Arvid*







▲ Bente V fiskevær

## Våren i fotoklubben

Fotoklubben har hatt et inspirerende vårprogram. Gode foredragsholdere har delt av kunnskapen sin med oss. I tillegg har vi fått stifte bekjentskap med en med en flott jentegjeng som har fotografering som 4H-oppgave dette året.

### Fototeknikk og -prosjekter

I mars hadde vi besøk av Rune Helligsen som viste oss glimt fra de mange fotoprosjektene han har jobbet med siden sist vi traff han. Det har dreid seg om alt fra interiør- og produktfotografering til portretter, naturfoto og sports- og actionfoto. En utrolig allsidig og dyktig fotograf. En god dose fototeknikk la han også inn i foredraget sitt. I utgangspunktet litt tungt stoff, men han greide å engasjere både små og store møtedeltakere. Avslutningsvis fikk vi se bilder fra safarituren hans til Masai Mara. Helt fantastisk!

### Naturfotografering i nærområdet

Du kan ta med kameraet ut i naturen og være så heldig å få ville dyr og fugler på «skuddhold» før de oppdager deg. Sannsynligheten for du rekker å ta et brukbart bilde før de er over alle hauger er imidlertid nokså liten. Som regel ligger det atskillig mer planlegging og arbeid bak de virkelig gode naturfotografiene. På april møtet fikk vi innblikk i

hvordan Arnt Ove Jøsang jobber. Han er spesielt kjent for sine flotte bilder av rovfugl, men også dyr som mår, rådyr og grevling. Han fortalte at noe av hemmeligheten er å bruke skjul. Dem bygger han gjerne selv og plasserer slik at han får lys, forgrunn og bakgrunn slik han ønsker dersom dyra kommer. Et annet triks er å tilby dyra noe de ikke kan si nei til. Døde kråker, honning og rosiner er uimotståelige fristelser for noen.

### Utflukt til Arboretet

Med våren springer ikke bare blomstene ut. Det gjør også fotoklubben. På møtet i mai dro vi på utflukt til Rogaland Arboret. Der sto både magnolia og rhododendron i full blomst. Mange fine motiver. Flott plass å øve både på landskaps- og makrofotografering. Riktignok litt småkaldt, men det kjenner en knapt når en er i sving med kameraet. Likevel godt med en kaffekopp å varme fingrene på etter endt økt. En trivelig kveld med gode fotovenner.

### Fototemaer

Vårmånedens fototemaer i klubben har vært «linjer og former», «vær og vind» og «det spirer». Noen av bildene ser dere her.



▲ Kjell Gunnar Arnesen - vær og vind



▲ Margrethe Anfinnsen - vær og vind



▲ Gunnvor Bjorland - linjer og former




▲ Charlotte Stockmann - vær og vind

▼ Evy Vigre Reime - linjer og former



▼ Marianne Kristiansen linjer og former





# Trivsel i sentrum!

**Trivsel er viktig i mange samanhengar. Her tenkjer eg på sentrumsplanane i Hå, som er under arbeid. Eg ønskjer å understreke at trivsel er viktig for alle bygdene våre. Bygdesenteret er møteplass, handleplass med nærbutikkar, samt basis for diverse anna næringsliv.**

Triveleg sentrum påverkar bygdefolket sitt sjølvbilet og identitet.

Nett nå er bygdesenteret på Varhaug i støypeskeia. I forrige Varhaugsbuen skreiv eg visjonar i 15 punkt vedr. sentrumsplanen her. - Eg vil på nytt understreka at Varhaug både er bygdesenter og kommunesenter. Dette set spesielle krav. - Lat oss bli inspirert av ting som skjer i andre kommunesenter, t.d. Gjesdal, Klepp og Time. Me bør ha triveleg park med leikeplassar, sitjeplassar, fontene med plaskedam, skeiseplass for borna om vinteren, rulle-skeiser om sommaren m.m. Slike trivselsfaktorar treng plass i framtida, difor må ikkje området frå Rådhusplassen og nordover mot Coop Extra byggjast ned, bortsett frå påbygging av rådhuset. «Trivselsplass» her vil vere med å presentere Hå på ein positiv måte. Dessutan trur eg det vil fremja handel og anna næringsliv. Handlegata vår er først og fremst frå og med Coop Extra til og med



Stueland-bygget (Spar-bygget), slik eg ser det.

Bakgrunnen for dette innlegget er m.a. frykt for at netthandel og store kjøpesenter nord for Hå vil drepa for mykje handel her, samt verke negativt på anna næringsliv. Me vil vere noko meir enn ein «soveby».

**Gode Varhaugsbu, - Kjemp for vår gode identitet som Varhaugsbu og Håbu !!**

*Helsing Eirik J. Varhaug*

## Varhaug sentrum - ein møteplass for alle

**Arbeidet med sentrumsplanen for Varhaug går nå mot slutten. Akkurat som på Nærbø er «gjestebodsmodellen nytta, og det skal verta spanande og sjå korleis planane er.**

Under Varhaugmarken vil kommunen ha stand, der dei mellom anna vil syna tre skisser om korleis dei vil ha sentrum. Under Marken i fjor, fekk ungane koma med sine idear, 28. mai skal politikarane ha desse planane for seg og 31.- første Markensdagen – vert dei presenterte for publikum.

I sist nummer av Varhaugsbuen hadde Eirik J. Varhaug eit innlegg om dette, og han har og eit innlegg denne gongen. Skal verta gildt og sjå korleis kommunen vil presentera sentrumsplanen på. Liv

# Kva skjer på Varhaug

**Det viktigaste arbeidet er det arbeidet som vert gjort kvar dag, i barnehage og skule, på helsestasjon, dagsenter og sjukeheim, samt vedlikehald og ettersyn av tekniska anlegg.**

Når ein listar opp det som skjer, skjer det mykje, sjølv om vi sjølvsagt er utolmodige og vil ha endå meir gjort, og endå raskare. Nokre av dei planar som no nærmar seg realisering har det vorte arbeidd med i årevis.

### 1. Sentrumsplan

Arbeidet med ny sentrumsplan er kjent, kanskje det viktigaste som føregår nå.

Skal utarbeidast skisser av dei same arkitektane som laga skisser på Nærbø. Skal vera ferdige til Varhaug-dagane i mai/juni.

Planen skal verta ferdig neste år.

### 2. Reguleringsplan Varhaug Aust for jernbanen

Avgrensa plan for området mellom Skulegata og Ånestadvagan langs jernbanen for å stengja utkjøringer mot Buevegen for å minke kostbare rekkefølgekrav.

Er under arbeid i administrasjonen.

### 3. Bustadutbygging

- Det er private utbyggjarar som legg til rette for større og mindre prosjekt

- Reiestadmarka er i gang. Sak etter klage i UTN denne veka.

- Det vert arbeidd med planar for Statoil-tomta.

Rundkjøring ved Esso må koma på plass. Reguleringsarbeid er på gang. Sak i UTN denne veka.

Det må og koma ein undergang under Buevegen mellom Esso og Spar, men det kan byggjast inntil 50 bustadar i Reiestadmarka før det er påkravd.

Dersom det vert detaljhandel på Statoil-tomta, må det koma ein ungergang til i vestre kant av tomta.

- Det vert arbeidd med planar for Uldal-tomta. I arbeidet med sentrumsplan vert det tenkt at det ikkje skal vera forretningar der, men anna næring og bustadar.

- Andre mindre planar som tomteeigarar og utbyggjarar held på med.

### 4. Næringstomter

Det er seldt nokre tomter på Tjemslandsmarka, ut mot Buevegen.

Det er også gitt opsjon på ei større tomt, men det er fremdeles ledig areal.

### 5. Veg og anlegg

- Fornying av avløp/kloakk i Bratlandshagen. Kjem til å pågå ut i neste år. Skal fornyast på heile feltet, i Dysjalsvegen og opp til Toppen.

- Gang- og sykkelveg mellom Grødaland og Bratland.

Dette er eit arbeid som Fylkeskommunen/vegvesenet har ansvaret for. Det vert sykkelveg med gatelys.

- Ny bru på Odland

«Midlertidig» bru. Fylkeskommunen/vegvesenet som har ansvaret. Vil gjerne overlevera vegen til Hå kommune.

- Det skal byggjast nytt høgdebasseng på Håland og ny vassleidning frå Håland til Kviamarka.

Fjernvarmeleidning Kviamarka – Varhaug vert då vurdert.

- I samband med ny vassleidning vert det og arbeid med planar for gang- og sykkelsti frå sentrum til Dysjaland/Kviamarka.

### 6. Varhaug skule

- Midlertidige brakker skal skiftast ut og utvidast før sommaren etter ønske frå leverandøren. Eldste delen av skulen skal fornyast i løpet av dette og neste år. Skule til max 550 elevar. Er sett av 100 millionar, så det er eit stort prosjekt.

### 7. Fritid

- Balanse- og klatrestativ framfor kommunehuset skal på plass i løpet av året. I stor grad finansiert av SR-bank. Barn og unges kommunestyre har bestemt utsjånad

- Det vert arbeidd med området for innkjøring til Idrettsparken, busstopp og innkjøring til Varhaug ungdomsskule





# Gode resultater i EM

## for Martine Hughes og Mathea Selebø

Elgane førerene Martine Hughes og Mathea Selebø har gjort det bra i årets EM runder. De har kjørt runder i Italia, Frankrike og Danmark. Martine er 14 år og kjører i 125klassen for jenter, Mathea er 19 år og kjører i dameklassen. Klassene kjøres samtidig, men premieres hver for seg.

Martine har vært på pallen i alle sine løp. Hun ble nr.2 i Italia, mens hun ble nr.1 i Frankrike og Danmark. Bra gjort Martine!

Mathea var uheldig og brakk kragebeinet i oppkjøringen mot sesongstart, så hun fikk dessverre ikke den oppkjøringen hun hadde planlagt. Hun fikk

derfor ikke kjørt VM runden i Holland som hun var påmeldt til. Hun ble nr.10 i EM i Italia, fant ikke flyten. Men det gikk bedre for hver løp, og i Frankrike ble hun nr.6 og i Danmark nr.7.

Martine er på juniorlandslaget og Mathea på landslaget. Det syns Elgane MSK er bause. Vi gleder oss til og følge dere videre.

**1. og 2. juni arranger ELGANE MSK 1.NM runde. Ta turen til Elgane denne helgen!**

**VI kan love en spennende og fartsfull helg.**



Når er speedwaysesongen i dag. Lasse Fredriksen har vore i Poznan og kjørt EM kvalifisering individuelt 27 april. Glenn Moi var i Krsko i Slovenia og kjørt det samme der. Ingen av dei gjekk vidare, kun dei fire beste som gjer det.

19 mai arrangerte Elgane Liga 1 div.

Resultater og litt om løpet

25 mai skal Mathias Pollestad og Jesper Våland kjøre Nordisk Mesterskap på Geiteryggen i Skien i 250 cc klassen.

De neste store løpene for Elgane sine kjørere; Glenn Moi: 8 juni, G.P. kvalifisering i Glasgow, Skottland

Lasse Fredriksen; 8 juni, G.P. kvalifisering i Abensburg, Tyskland

Så me heier på alle som er på «reis» for Elgane!

Me vil oppdatera meir om løp og resultat i neste nr av Varhaugbuen.

Følg med på Facebook og i Jærbladet og støtt opp om klubben når me arrangere løp Neste store løp på anlegget er NM lag, 2 og 3 august.

Er det nokon som vil prøva å kjøre speedway? Det er fullt mulig! – ta kontakt med meg så avtaler me dag og klokkeslett. Me har sykler og utstyr til låns.

Hilsen

Einar Moi – 91242355

Styrerepresentant Speedway







På Lerbrekk går det stort sett som vanleg. Årsmøtet var den 21. mars, og styret er som før: Sigbjørn Varhaug, leiar, Inger Haugstad, skrivar, Brit Obrestad, kasserar, Oddvar Ånestad og Dag Varhaug, styremedlemar. Varamedlemar er Ingunn Reiestad og Oddvar Varhaug. Revisorar Øystein Bratland og Ingvar Reiestad.

Reidunn Skretting var med oss og fortalde frå barndom, skule, gymnas, første lærarpost som 19 åring, frå tida på lærarskulen og første tida som lærar. Mange kjende minne for oss som har levd ei stund.

Vaskarar, plenklyppar og organist fekk ei påskjøning med ei skål med vårbloomar. Årsmeldinga syner at skulen er mykje brukt, og det betyr mykje vasking. Det er alltid fint og velstelt både ute og inne. Sigbjørn Varhaug hadde som vanleg ei fyldig og god årsmelding som syner at det har vore minst 2700 personar innom huset.

Sundagskafeen har vore godt besøkt så langt i år. I mai er det konfirmasjonsselskap dei første helgene, så då er det ingen kafé, men 2. juni, 7. juli og 1. september er det kafé kl. 14 – 17. Det blir annonsert i Jærbladet, ramen på Spar og Handelslaget og på facebook.

Grillkvelden er torsdag 8. august kl. 18.00. Agnes med sine medspelarar blir som vanleg med oss. Så får me vone at godværet også blir med slik at me kan vera ute heile kvelden.

Boka om skulen, «Kvardagfolk» er kome i nytt opplag, og er å få kjøpt hjå Sigbjørn Varhaug. (mobil: 970 53 731)

Er det nokon som ynskjer å leige skulen til selskap eller liknande, er det Sigbjørn Varhaug som har oversikt og styrer med det. Han gjer ein kjempeinnsats for skulen.

Brit Obrestad



## Program for Kultur i Løå høst 2019:

**22/8**      *Bok «Norske Garasjer» av Miriam Høvik Halstvedt*

**19/9**      *Elle Melle konsert*

**24/10**     *Randi Tytingsvåg Trio*

**21/11**     *Program kommer*

**Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.**

*Datoer: 11/9, 25/9, 9/10, 23/10, 13/11, 27/11 og 11/12*

*Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.*

**Spørsmål til programmet: 938 13 234**

**For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571**

**"LIK" Kultur i Løå på Facebook**



# UNG DATA

Måndag 17. juni

kl. 18.00

Arrangerer

Hå kommune  
eit stormøte om  
UNG DATA

Dette vert gjort etter den nasjonale undersøkinga som har vore i alle kommunane, og handlar om ungdomsmiljø/rus.

Dei nasjonale tala syner at det er mindre framtidsoptimisme blant ungdom og at norske ungdommar er meir involvert i problemåtferd, og trua på framtida har blitt svekka.

Har er det undersøkt mange ting; kor lang tid brukar ungdommen på skjerm, stress og press av skulearbeid, psykiske plage, venner via nettet, familien sin økonomi, organisert fritid, røyking, alkohol, mobbing og mykje meir.

Vonar mange noterar seg denne dato, og møter opp om ei viktig sak, nemleg ungdommen vår.  
Liv

## Nytt i Stuelandsbygget



Hurra!!! Spente og glade for at vi endelig skal få vårt eget kreative verksted, eller kontorlokale som det også heter 🥳 Her skal vi planlegge mange gøyale interiørprosjekter! Vi skal inn i Stuelandsbygget på Varhaug, og er dermed med på å fylle opp lokaler i sentrum 🍷 Satser på å være på plass i løpet av juni 🎉 Dette blir SÅ bra 🥰👥  
[#cavecubeverksted](#)



## 17. mai fest i Lensmannsløå

**60 personar fekk ein hyggelig kveld i Lensmannsløå denne kvelden.**

Ruth Kristensen ynskte velkommen før ho gav ordet til Espen Hana som stod for underhaldninga. Espen Hana er skodespelar ved Rogaland teater. I tillegg er han tekstforfattar, komponist og sangar. Dette fekk vi smakebitar av når han fortalde og sang om oppveksten og livet i Pedersgata i Stavanger og alle dei "løgne" folka som budde der. Vi fekk og glimt frå tida hans som bar-pianist i Oslo. Det var både skjemt og alvor i opptredent hans. Og han blei klappa inn til eit ekstranummer, allsang med Tore Tang.

Før maten var sangpotpourri med nasjonal- og vårsangar. Menyen var som vanleg, rømmegrøt og spekemat og godt med kaker. Etter drøset og døma, kosa gjestene seg.

Takker av!

Etter godt og vel 20 år som rektor på Varhaug ungdomsskole, har eg funnet tiden inne for å se meg om etter andre utfordringer i arbeidslivet. Ikke det at det er lite utfordringer i det å være rektor, men alt har sin tid.

Jeg startet som rimelig nyutdannet lærer på Varhaug ungdomsskole i 1986, og det var første året med ungdomsskole på Varhaug. Var selvfølgelig litt spent i høve til mitt første møte med elever og foreldre men opplever at det har gått bra.

Som rektor har jeg fått lov til å være med på å drive aktiv skoleutvikling gjennom mange år med innføring av to læreplanverk (L-97 og Kunnskapsløftet) i min periode. Varhaug ungdomsskole ble satt på kartet i nasjonal sammenheng i forbindelse med innføring av L-97, hvor vi ble en av flere referanseskoler. Vi ble sett på som en fremtidsretta og utviklingsorientert skole. Dette har vært givende, men også krevende til tider. Skolen sin utfordring har hele tiden vært å følge med i tida, gi ungdommene våre en relevant og god utdanning som gjorde at de var klar for videre skolegang, arbeidsliv og ikke minst at de skulle rustes til et godt voksenliv.

Den tragedien som rammet Varhaug sensommeren i fjor, gjorde noe med oss alle. Den er en viktig påminning til oss om at livet er både verdifullt og skjørt. En ettertanke for meg er det ansvaret samfunnet har for å prioritere en god oppvekst for barn og ungdom og at vi ikke mister av syne at barn og ungdom er det mest verdifulle vi foreldre har.

Jeg tar med meg mange gode minner og en positiv opplevelse av mine år som rektor på Varhaug ungdomsskole når eg til høsten begynner som lærer på Ognaskole. Det ser jeg frem til.

Jeg ønsker ny rektor på Varhaug ungdomsskole, Rune Roaldsen, masse lykke til og er helt sikker på at Varhaugbuen vil ta godt i mot han.

Takk for meg og alt godt videre for Varhaug ungdomsskole og Varhaugbygda!

Stig G. Normann





Ada har baka kaker til guttekvelden. I tillegg til at kaka var perfekt her i Hå, smaka ho og fortreffelig!



Når Hå-buar dekorerer kaker.



Ein skal heller ikkje sjå vekk frå at dette kunne blitt ein bestselgar i kakehylla.



Nærbø spa og velvære laga magisk stemning i siloen.

## Lensmannsløa ungdomsklubb

Dette halvåret har verkeleg vore prega av mykje ulike aktivitetar og arrangement. Sidan sist har me hatt kakepynting, sjokoladekveld, spa, påskeverkstad og guttekveld. Det minkar som vanleg litt på besøkstala når sol og varme (og konfirmasjonsførebuing) smyg seg fram, men me har ennå jamnt 40 stk innom.

Me tenker å ha open klubb fram til skuleslutt, men har ikkje sett dato for siste klubbkveld heilt ennå. Ungdom i Hå vil i sommar uansett få meir tilbod enn dei nokon gong har fått før. I tillegg til at me gir same ferietilbodet for ungdom i år som i fjor, sjå plakatar og oppslag for å søkja om å vera med, vil me og ha ope kvar dag i juli! Dette vil vera i Hå



Heimelaga påskepynt ein kjem i godt humør av.



Det hender ordføraren stikk innom, noko me set enormt stor pris på. Her samlar han sikkert inspirasjon til sitt neste kakeprosjekt :)



Brannsjefen stilte opp på guttekveld, og blei imponert over nokre av gutane som lett hadde klart opptakskravet for å bli brannmann allereie no.



Musikkrommet vert flittig brukt, og til neste år er me nøyddde å investera litt ekstra tid og pengar her inne.



Vinylkuttaren blir teken fram litt no og då, og mange har laga skikkeleg flotte og festlege vinyltrykk dette halvåret.

kulturtorg sine lokale på Nærbø, i Loen. Måndag til fredag vert altså Monica C Herredsvela, saman med ein del unge vaksne, til stades og tilbyr brettspel, drama, dans, teikning, band, synga eller læra å spela på instrument. Dette er sjølvsagt gratis, brødmåltid er inkludert og alle frå dei som skal gå i 8.trinn neste år og opp til 18 år er velkomne. Opningstid er kl. 12.00 - 15.00. Det vert inga påmelding, og ungdommen kan koma og gå som dei sjølv ynskjer. Einaste dag som held stengt er når Tallship er i Sirevåg 18.juli. Dette prosjektet er heilt nytt og har fått namnet UNGIJULI. Følg med på info framover.



To militærkarar brukte kvelden sin hjå oss på guttekvelden. Dei laga ei kjekk og slitsam løype på tid, der vinnaren fekk ein flott premie.



# Ærast den som ærast skal

**28. juli vert leiaren i styret for Varhaugbuen, 70 år. (Han er då på ferie i Italia saman med familien.) Då tykte eg det kunne passa å gje han «denne gåva»: Jon Harald er den som stod i bresjen for å få Varhaugbuen på føtene att, og historia er slik:**

Eg hadde i mange år ansvaret for VIL-bladet for Varhaug Idrettslag. Då var det vanleg at me skreiv om støttespelarane til laget. I 2001 kom eg til Jon Harald og skulle skriva om bedrifta hans. I tillegg til å snakka om kva han hadde gjort og gjorde, meinte han at me burde fått Varhaugbuen på føtene igjen. Det var eit blad som bygdeungdomslaget hadde starta i 1992 og året etter kom Svala 4H med. Dei hadde ein god redaktør i Anbjørn Ueland, men det var likevel tungt å få til eit blad, og det heile dabba av. Då dei to laga saman med bondelag og bondekvinnelag fekk Internatet frå meieriet i 1995, vart det bestemt å få bladet ut igjen. Dette klarte laga fram til 2.000, men så var det stopp. Det går ikkje an å driva eit blad utan økonomi og stoff, og det skorta helst på begge deler. I tillegg var det skifte i styra. Eg hadde vore bondekvinnelaget sin representant, og stort sett hadde hatt ansvaret for bladet i lang tid, men orka ikkje lenger både å finna stoff og annonsørar.

Jon Harald meinte eg skulle snakka med leiaren i Varhaug bedriftsforening om pengar til bladet, noko eg og gjorde. Men det vart ikkje noko meir ut av dette. Kanskje var eg sjølv litt for slapp, for eg minnes ikkje saka som negativ.

Då Jon Harald seinare vart leiar i bedriftsforeninga, tok han på ny kontakt med meg, og meinte at dette måtte me få til. Me fekk tak i 2 andre utanom oss; Jone Bryne (bondelag og 4H) og Kristin Søyland (bondekvinnelag og litt bygdeungdomslag). I november i 2004 danna me fire eit interimstyre. Så gjekk det ut brev til lag og organisasjonar på Varhaug om dei ville vera med om eit nytt blad, men med same namnet; Varhaugbuen.

(Det nye) var stifta 15. november 2005, og etter det første årsmøtet kom Misjonshuset, Bridgeklubben, Fråhaldslaget og Vennelaget for Lerbrekk med. Per Arvik Jakobsen frå Misjonshuset, kom med i det første styret saman med Jon Harald Håland frå

bedriftsforeninga (og der er begge framleis). Det tidlegare bladet hadde kr.15.000 i kassen, og grunnen til det var at me hadde fått inn pengar til eit blad, som ikkje vart laga til. Bedriftsforeninga gjekk inn med same beløp i tillegg at me fekk eit tilskot frå Time Sparebank, som hadde kontor på Varhaug. Då hadde me litt «reir-egg» til å starta med. Dette har og gjort at eg som «bladfyk» fekk halda fram med ein gild hobby.

Stor takk honnør til Jon Harald Håland, som stod på og fekk bladet på føtene igjen. Tenkte dette kunne vera ein fin måte og ynskja han til lukke med den store dagen.

70 år Jon Harald, det er då ingen alder. Eg kan nok ikkje kalla deg pensjonist endå, sjølv om du har trappa ned på ein travel arbeidsdag med husbygging i over 50 år. Jon Harald starta som lærling 15 ½ år gamal, tok mesterbrev i 1986 og svennebrev i 1969

Og med mindre travelt på jobben, dess meir kan du bruka på Varhaugbuen? Det er Jon Harald som tek seg av annonsørane, så både eg, som redaktør, og resten av styret slepp den jobben.



Jon Harald sitt første byggeoppdrag, 1955.

Dette diktet «Alder» av psykolog Sol Solheim, som eg fekk av Brit til 80 års dagen min, tek eg og med til Jon Harald:

**Det er jo litt av hemmeligheten;  
man blir eldre,  
men ikke nødvendigvis gammel.  
Eldre er bare år,  
gammel er en holdning.  
Livskvalitet er avhengig av  
at man aksepterer  
det som visner  
samtidig som man konsentrerer  
seg om det som gror.**

Og et dikt av Anna Clementsen:

**I speilet  
Du møter ditt ansikt i speilet.  
Kinnet er skrukket og slitt.  
Pannen er preget av dype furer.  
Øynene er matte  
trette av tanker  
Er dette ansiktet ditt?**

**Minnes du ungdommens dage  
Da tok du gjerne en titt  
inn i det samme speilet.  
Øynene glitret,  
pannen var glatt,  
kinnene bløte som silke.  
Da smilte du gjerne til  
speilbildet ditt!**



Liv 80 år og Jon Harald.

**VB VoldenTollefsen**

**KJÆRNEBORING  
BETONGSAGING**  
Rilling av spaltegub. Graving og drivvering. Senking av kjeller. Utveising av fjøs.  
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

**NORGESHUS**  
Varhaug  
jonharald@norgeshus.no

**Lars Gaute Sport**  
sport 1  
NÆRBØ 51 43 43 10

**Jærmester**  
BYGGER MED KOMPETANSE  
www.jermester.no

**HERREDSVELA  
TRANSPORT**  
TLF: 900 75 500  
Vi løser det meste innen kranbil  
jorgenherredsvela@yahoo.no

**Varhaug  
Park & Hage**  
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no  
E-post: post@vph.no





## Under open himmel i Leksaren

Natt til 1. mai arrangerte Svala 4H overnatting under open himmel for alle medlemma. Det var rundt 90 medlem som var innom mandagskveld, men ikke fullt så mange sov om natta. På mandagskvelden arrangerte styret aktivitetsløype med mange forskjellige aktiviteter, som for eksempel øksekast, natursti, volleyball, mikado, telt oppsett og Kims lek. Medlemmene hadde selv med seg grillmat til kvelden og på morgonen fekk dei frukost.

Sanne Skeie, leder





## «Å julå vare heilt t påske»

Nå har eg ikkje tenkt å gå så langt, nei, berre til onsdag 20. februar. Då sende nemleg leiar i Svala 4H, Sanne Skeie, denne meldinga med bilete:

«Onsdag 6. februar reiste fleire av medlemmane i Svala 4H, med familie, til Søyland for å renna på akebrett. Sjølv om det var litt lite snø, utnytta me det kjempegodt. Fleire rann i bakken. Nokon laga snø hytte/figurer og resten koste seg ved bål pannene».

Eit bilete frå denne turen kom med i sist blad, og då med tekst «4H frå Sveineskogen» Trur eg hadde for god tid med bladet sist, for det var ikkje berre den feilen eg ikkje såg, då eg hadde bladet til korrektur. Dette seier eg meg lei for, og tek difor med alt frå turen denne gongen. Liv



**ÅRDAL & SKEIE AS**  
MOB: 911 52 104



4360 VARHAUG



## Besøk på Varhaug

Denne andemora med ungane kom gåande over parkeringsplassen på Iden ein dag eg var på trening. Då eg fekk fram kamera hadde dei kome inn i buskane og ned i åa.



## Årsmøte Lensmannsløå

Varhaugbuen hadde årsmøte i Lensmannsløå 8. april, med godt frammøte. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene, hadde me fått ordførar Jonas Skrettingland til å koma og snakka om kva som skjer på Varhaug. (Sjå side 15) Aud Håland, ei av dei faste som går ut med bladet kvar gong, hadde laga ei god gulrotsuppe og focassiabrød. Flott festkake til kaffien etterpå, og drøset gjekk godt om laust og fast om ting me var opptekne av i samband med bladet for bygda; Varhaugbuen.

Eli Aanestad kom med i styret for 2 år, som representant for bygdekvinnelaget. men me mangla 2. vara.

Liv

## Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløå

Styret for Varhaugbuen er:

**Leiar**

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

**Nestleiar**

Eli Aanestad, bygdekvinnelaget

**Sekretær**

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

**Kasserar**

Brit Obrestad,  
Vennelaget Lerbrekk skule

**Styremedlem**

Ane Mjåtevit, bygdeungdomslaget

**1. varamedlem**

Astrid Skreting, Lensmannsløå

**2. varamedlem**

???

**Redaktør**

Liv Hobberstad







- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!

  **FARGERIKE HALVORSEN**  
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

 **FARGERIKE**



# Natteravner på Varhaug

## KULLSYREMASKIN FRA AGA



**899,-** inkl. patron

ny patron  
**269,-**  
bytte av patron  
**149,-**

## VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



**Varhaug Servicenter A/S**  
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Hausten 2018 kom natteravner på Varhaug i gang igjen etter nokre års pause. Det er FAU på ungdomsskolen som i samarbeid med kommunen får tak i folk og driver ordningen.

Folk i bygda er positive til å vera med, og me har både unge vaksne og pensjonister på listene våre. Det er flott at vaksne i alle aldrer vil vera med og bidra for ungdommen i bygda vår. Me vil også rette ein stor takk til Bygdekvinnelaget som stiller opp fleire helger i året.

Me har fått mange positive tilbakemeldinger på at det er veldig kjekt og givande å gå natteravn. Folk fortel at ungdommen set pris på å slå av ein prat med vaksne og opplever det som trygt og godt. Samstundes har natteravner kome opp i krevande situasjonar, så me er einige om at det er nødvendig med ordninga.

Lurer du på om du vil gå natteravn?

Her er litt informasjon om ordninga:

Dere er edru, trygge og ansvarsfulle voksne, som observerer og er synlig i lokalmiljøet.

En skal alltid være minst to stk. og en skal ikke gripe inn i konflikter (Man kan kontakte politiet ved behov).

**En natteravn er forsikret i Tryg trafikk.**

**Dere viser at dere er omsorgsfulle og bryr dere.**

**Dere får kunnskap om ungdomsmiljøet.**

**Dere skaper trygghet.**

**Dere er viktige forbilder for ungdommen.**

**Dere går aldri alene, minst to personer er alltid i lag**

Høyres det kjekt ut å gå natteravn ei helg eller to i året? Meld deg inn i facebookgruppa « Natteravner på Varhaug» eller ta kontakt med Elisabeth Å Lerbrekk

(elisabethler@hotmail.com) eller  
Anne Håland (helge.haland5@lyse.net)





## Rollebryllup

**Rogaland bygdeungdomslag arrangerte helga 3.-5. mai superhelg. Her kombinerte vi nemdssamling, lokallagssamling og ledersamling i ei helg! På lørdagskveld hadde vi rollebryllup!**

Rogaland bygdeungdomslag arrangerte superhelg for å samle nemdssamling, lokallagssamling og ledersamling til en helg, slik at antall helger som blir benyttet på organisatorisk arbeid minskes. Dette møttes med positiv instilling.

På fredagen stilte nemdene opp for å diskutere hvordan nemdene skal jobbe sammen gjennom året og hva som forventes av nemdene. I fylkestyret brukes nemder for å lette arbeidsmengden til styremedlemmene. På kvelden hadde vi sosialt opplegg med lasagne til alle som deltok.

På lørdagen stilte lokallagene opp å vi kom igang med lokallagssamling der fylkestyret har lagt frem en rekke caser som lokallagene skal svare på. Disse casene viser til realistiske og utfordrende situasjoner. Lokallagene

svarte godt på alle casene og viste til flere ulike løsninger, vi er stolte av å ha så engasjerte og flinke mennesker i våre lokallag! I tillegg til caser la vi opp til god debatt med å legge fram saker som:

Bør aldersgrensen for menn og lappen bli satt opp til 21 år? Bør aldersgrensen for alkohol settes opp til 20 år? Bør det lovsettes at man kun kan ha 2 slårter i året? Bør vinterlandbruksskolen legges ned?

Under ledersamlingen samles ledere fra lokallag for å diskutere gleder og utfordringer med å ha lederrollen. Her kan erfaringer og spørsmål stilles slik at alle lokallag kan drøfte sammen og lage bedre lokallag. Mens lederene har ledersamling driver resten av lokallagene å setter opp til det sosiale som skal skje. De lager taco som hovedrett og sjokolademousse til dessert. De pynter lokalet slik at rollebryllupet kan skje. Rollebryllupet slo godt an og vi hadde det utrolig kjekt sammen! Vi ønsker å takke Tine og Nortura for god spons slik at det er lettere å lage god mat til disse arrangemangene.

## Nytt frå Internatet Varhaug SA

Sidan 1995, då bondelag, bygdekvinnelag, BU og Svala 4H overtok Internatet som ei gåve frå meieriet, har det vorte gjort eit omfattande dugnadsarbeid på bygget. I starten var det mykje innarbeid, mellom anna på dei gamle hyblane.

Så har det balla på seg gjennom åra. BU har fått sine lokale på toppen. 2. høgda er husvære til utleige. 1. høgda, der dyrlegane heldt til, er det skifta vindaugo, og elles er der eit godt møterom for laga.

Det siste åra er det skifta kledning og vindaugo i heile huset pluss fått opp ny garasje. I år var det møterom og lager til 4H i kjellaren som stod for tur. Her er det gjort eit omfattande arbeid med det elektriske og elles nytt på vegger og golv.

Dette arbeidet kunne ein aldri gjort utan økonomisk støtte frå kommunen og dei lokale bankane, men den viktigaste faktoren her er nok dugnadsarbeidet.

Her har medlemmane i bondelaget heilt frå starten gjort ein kjempeinnsats. Ingen nemnt, ingen gløymt, heiter det som kjent, men her vil eg likevel trekka fram to, som dei siste åra har vore primus motor på dugnadsida; Anthon Tjemsland og Olav Husveg. Dei to utfyllar kvarandre på ein god måte, og på meg ser det ut som dei trivs godt saman. Liv



Sven Sturla



Olav



Anton

**MAU**  
MURERFIRMAET  
AANESTAD & UELAND  
Totalleverandør av bad og våtrom

**HELLA  
MASKIN AS**

**R.SKRETTING A.S**





## Me får klede på Varhaug og

I sit nummer av Varhaugbuen var eg veldig oppteken av det me har av butikkar på Varhaug, og kor viktig det er å bruka dei me har. I siste setninga på side 25 skreiv eg slik: «Me må ut for å kjøpa vanlege klede og sko, men elles har me det mesta på Varhaug».

Dette reagerte Brit Jorunn Berntsen i Fix It Frisør på, og med god grunn. Eg handlar jo til dagleg hos Spar, og både går forbi og ser på stativa med klede kvar gong eg nyttar inngangen til butikken på vestsida. Kanskje var grunnen at eg sat med lista over dei næringsdrivande på Varhaug, og difor var kome inn i eit «spor» så tanken frisør/klede ikkje nådde inn? Seier meg lei for det!

I nummer 4 i 2010 skreiv eg dette: «Ny frisør inn i Stuelandsbygget» og der stod og litt om meir om Brit Jorunn enn berre frisøryrket. «Ho har ein draum om å få til noko anna i tillegg til frisørsalongen, ein liten Accessorize butikk, som kanskje i framtida kan utvidast med meir klede» Brit seier vidare at frisøryrket er hardt for kroppen, og då hadde ho vore i yrket i godt og vel 20 år, og såg ikkje for seg at ho kunne halda på som frisør til ho vart pensjonist. Då kunne sal av klede, vera noko anna ho kunne ha «å lena seg til».

At Fix It Frisør og Brit Jorunn sel klede er nok vel kjent for dei fleste på Varhaug, og det har dei gjort i mange år. I nummer 4/2012 sende Asbjørn eit innlegg til bladet «Nytt fra Stuelandsbygget» det det mellom anna står slik: « Og så er det veldig kjekt at vi kan informere

av Fix It Frisør med Brit Jorunn i spissen har fått inn klede frå den kjente IS kolleksjonen. Dette er noe som de har jobbet med i lengre tid og lyktes med det til slutt. Og etter sigende skal Brit Jorunn være veldig tilfreds med responsen så langt. Ta turen innom»

Frå det som vart skrive i bladet i 2010 og 12, og fram til i dag.....

Brit Jorunn fortel at ho slutta med IS produkta for ei stund sidan, men har nå eit godt dansk produkt, Saint Tropez, som både ho og kundene er vel nøgde med. Dei har mykje fin design for damer både til kvardag og fest. Nå er kleda mykje inspirert av 90 talet med flotte farger, mønster og striper og det er eit godt utval i alle størrelser. Her finn ein klede både for ute- og innomhus. Eg vil anbefala deg til å ta ein tur opp i 2. etasje neste gong du er i Stuelandsbygget. Her heng det eit sprudlande utval av klede i gilde sommerfarger. Varhaugbuen vonar at me nå har retta opp «feila frå sist» og ynskjer Brit Jorunn og resten av gjengen på Fix It Frisør lukke til vidare. Liv



(Arkivbilde)

## Varhaugmarken

**Varhaugmarken har stort sett hatt mykje av det same opp gjennom åra. Ongaløpet på fredag og Varhaugmilå på lørdag, er alltid noko som samlar folk. På Marken får bæringsdrivande og foreningar/lag høve til å visa seg fram, og på Varhaugmarken er det slik at «ein skal sjå og verta sett». Nytt i år er Hilde Selvikvåg som gir ein gratiskonsert som avslutning på fredag. For ei gest?! Dette ser eg fram til. Hilde er vel kjent for dei fleste, og treng nok ingen nærare presentasjon. Mange høyrde henne kanskje i kyrkja på Varhaug tidlegare iår?**

### PROGRAM

#### Fredag:

16.00 Åpning av marken - boder åpner  
17.00 Offisiell åpning fra scenen  
17.15 Ongaløpet  
18.15 Oppvisning fra Varhaugspulsen  
19.00 Gratiskonsert v/ Hilde Selvikvåg  
20.00 «Glafredagsteltet» åpner

#### Lørdag:

08.30-09.30 Gratis frokost  
Sponset av Q meieriene, R. Skretting, Spar og Coop  
Extra servert av bygdekvinnelaget  
Jærbelgen spiller  
09.00 Boder åpner  
10.00 Sanginnslag  
11.15 Mannekengoppvisning v/ Lars Gaute sport og Felleskjøpet.  
12.30 Varhaugmilå  
14.00 Takk for i år  
18.00 Champions League finale og Leif & kompisane (Heile varhaug sentrum)



# «Pulsen» - ein treningsplass både for amatørar og profesjonelle.



I tillegg til å vera medeigar i Pulsen, er og Ronny Gudmestad ivrig med trening både for å halda seg i god form, men og for å jobba med konkrete mål. Han seier det er viktig å finna ut kor langt kropp og hovud klarer presset mot dette bestemte målet.

Og at trening og atter trening har gitt resultat. I mars deltok Ronny i Classisc Body- biulding i Sandefjord Open, der han vart nummer to. Ikkje nok med det; i april deltok han i Oslo Grand prix i same øving. Der vart han og nummer 2. Han seier han bruker nok 15 timer for veka med trening, men riktig mat og nok svevn er like viktig. Med andre ord; akkurat likt andre idrettar på eit høgt nivå.

Ronny seier han er vel nøgd med desse plasseringane, men er enda meir nøgd med utviklinga på arbeidsplassen Pulsen. Sidan november i fjor har han arbeidd 100% der, og det var og draumen hans då Varhaugbuen var på besøk før jul i 2017. Medlemsmassen har auka ganske mykje, og ekstra gildt er det å høyra at pensjonist trimmen går så det suse. Dei trenar kvar torsdag føremiddag, og Ronny seier det er plass til fleire.

Takk for drøset Ronny, og lukke til vidare både med å trimma deg sjølv og andre. Liv

**Solarium**  
"Det er stor helsegevinst med et godt Vitamin-nivå"  
**Heidi Salongen AS**  
Dame & herreklipp  
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

**VARHAUG**  
**hud & fotterapi**  
**HEIDI DUBLAND BØ**  
Hud- og fotterapeut  
Stasjonsveien. 14,  
4360 Varhaug  
Mob: 41 27 66 79  
Timebestilling 51 43 13 69

**TAH BYGG AS**  
**BETONGARBEID - TREARBEID**  
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

# Hå kommune får sin første snublestein

**Torsdag 13. juni kl. 13.00 vert det ein seremoni utanfor biblioteket på Ogn skule, der den første snublesteinen i Hå skal koma på plass.**

Kva er så ein snublestein, vil kanskje mange spørja. Ein snublestein er eit europisk minnesmerke over jødar som vart avretta av tyskarane under 2. verdskrigen. Det er mange byar i Norge som har snublestein, men dette vert den første i Hå.

Men kva har denne steinen å gjera i Hå og på Ogn? Her kjem ei kortfatta historie.» 26. oktober 1942 kom lensmannen i Egersund til Ogn og arresterte den jødiske ingeniøren på tarefabrikken, Ludwig Adolf Melzer. Han vart sendt til Auschwitz med båten Donau og gasskammeret. Ludwig var kjemiingenjør frå Bøhmen.

På Ogn glir Ludwig fint i lokalsamfunnet på Ogn. Han budde på garden til Hans Kvianes. Det er framleis folk på Ogn som husker han.

Det er Tone Aarrestad, som skal ha æra for at denne snublesteinen kjem på plass. Som styremedlem i Hå historielag, fatta ho interesse for denne mannen, og gjorde eit stort «gravearbeid» med å finna fram informasjon om han. Ho fann ut at han hadde tre søsken, og at to vart drepne av tyskarane. Tredjemann klarte å flykta saman med kone og dottera til Brasil. Her fekk han seinare to barnebarn, og desse to er formelt invitert av Hå kommune til å koma til Ogn 13. juni.

Dette vert ein så spesiell dag i kommunen si historie, at eg håpar mange vil vera med på dette. Sjølv er eg bortreist, men eg reknar med at eg får eit referat frå arrangementet til neste nummer av Varhaugbuen.

Liv

**ABRØR**

Trenger du hjelp ta kontak med okka folk på Varhaug!!! Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle typer oppdrag innen:  
Bolig, nybygg, rehabilitering, service, fjøs og industri

Jan Inge Auestad  
48 50 97 81  
janinge@abror.no

Tlf 48 50 97 80  
post@abror.no





## Sommarles.no gjer det gøy å lese!

Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida **Sommarles.no**. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får XP (poeng) for kvar side dei les.

Saman med barn frå over 380 andre kommunar, kan alle barn i 1.- 7. klasse i Hå kommune, frå 1. juni, vere med på Noregs kulaste lesekampanje!

På Sommarles.no får barna tilgang til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.

I tillegg til XP, kan barna også gjere seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!

Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år, og i fjor deltok meir enn 105 000 barn. Målet med kampanjen er å motivere barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie.

## BIBLIOTEKET I HÅ

### VARHAUG BIBLIOTEK

**Biblioteket blir i år stengt i skulen sin ferie pga ombygging. Vi flytter midlertidig til amfiet/kantina**



**SpareBank 1**  
SR-BANK  
Sammen får vi ting til å skje.



**BDO AS**  
Avd Jæren  
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug  
Telefon +47 51 79 12 20  
www.bdo.no



## Hå hagelag

*Hå hagelag vil ønske alle medlemmer og venner en flott sommer!  
Første møte blir 8. august. Hagevandring i nærområdet.*

Solvor

En alliansebank i etka.

**Du blir større i en mindre bank**  
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.

**Jærsk business er vår business**  
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.

**Du kan'kje drikke kaffi på telefonen**  
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.

**Vi støtter og sponser lokalmiljøet**  
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.

**Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?**

**Du får rask respons og treffer fjåge folk**  
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Telefon 915 03290 | [www.jaerensparebank.no](http://www.jaerensparebank.no)

## Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er  
**20.8.2019**

Dette kan enten sendast direkte til: [livhob@online.no](mailto:livhob@online.no) eller legga det i postkassa til Liv.

**Mandags bingoen** på Velferdssenteret tek sommarferie.

Siste spelelag før ferien er **mandag 17. juni.**

Me starter opp att **mandag 26. august**

**Kortspelet** på Iden tek ikkje pause. Dei held på heile sommaren

Det er ein god gjeng som er samla kvar mandag både på bingo og krågå, men det er plass til fleire.

**Danseforestillinga "NÅ"** vert synt i Storstova, Bryne onsdag 5. juni kl. 18.00.

Arrangør er Hå kulturskule





# HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

**MCA**  
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG  
TLF. 90 50 65 66

**MCA**  
CAR SERVICE

## MARKENSTILBUD I FK BUTIKKEN

HØYTRYKKSVASKER  
STIHL RE 130

NYHET!



*Velkommen innom vår stand på Varhaug-marken  
for en drøs og gode tilbud!*

**799,-**  
(999,-)

TRILLEBÅR PP100  
ASSORTERTE FARGER

Volum i liter toppet/strøket 90/70.  
Egenvekt 8,2 kg. Kassemål BxL 61 x 81 cm.



**-20%**  
på klær under  
Marken

TURBUKSE  
TUFTE

Dame str. XS-XL.  
Herre str. XS-XXL.

**999,-**  
(1399,-)



**FK BUTIKKEN VARHAUG**  
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17  
lørdag: 9–14



**butikken**  
fkra.no/fkbutikken